



Frå dette huset på Børnes er påhengsmotorane stolne. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I løpet av den siste veka har det vore inbrot i Bogsnes Marine sitt verkstadbygg på Børnes. Tjuvane har stole to påhengsmotorar av merket Johnson.

Kvar av dei er på 30 hk og begge er kvite, melder innsida.no.

Så langt eigaren Ole Torbjørn Holmedal kan sjå har inbrotstjuvane kome seg inn gjennom eit vindauga og gått ut igjen gjennom porten. Den stod ulåst då tjuveriet vart oppdaga fredag. Saka er meldt til politiet.